

Eivind Skomedal
Hannåsfeltet 16
4737 HORNNES

Vår dato: 08.03.2024

Vår ref.: 202108665-15 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Breistøl minikraftverk er ikkje konsesjonspliktig - Evje og Hornnes kommune i Agder fylke

Vi viser til melding av 11.05.2021 om å byggje Breistøl minikraftverk og vår synfaring, 17.10.2023. NVE har gjort ei konsesjonspliktvrdering av tiltaket. Først i brevet finn du vedtaket vårt og informasjon om kva du må gjere vidare. Deretter kan du lese om tiltaket og vår vurdering av dette.

NVE sitt vedtak

NVE vedtar at Breistøl minikraftverk ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8. Vedtaket har heimel i vassressurslova § 18.

Dette vedtaket er gyldig i fem år.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om rett til å klage.

Føresetnadar for vedtaket

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med framlagte planar.
- Sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, må de planlegge og utføre tiltaket slik at det er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser i vassdraget.
- Det skal sleppast minstevassføring minst tilsvarende alminneleg lågvassføring, oppgitt i meldinga til **5,0 l/s** forbi inntaket. Dersom tilsiget er mindre enn fastsett minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Det skal etablerast eit arrangement for minstevassføring.

Kva må du gjere vidare?


- Dette vedtaket er ikkje eit løyve til bygging. De må ta kontakt med andre myndigheiter for å få **nødvendige løyver**. Aktuelle myndigheiter i denne saka er:
 - **Evje og Hornnes kommune** for avklaring etter plan- og bygningslova.
 - **Statsforvaltaren i Agder** for avklaring om eventuell søknad om dispensasjon frå kravet om kantvegetasjon i vassressurslova § 11.



- **Agder fylkeskommune** for behandling etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Fylkeskommunen har ansvaret for tiltak i vassdrag eller deler av vassdrag som ikke fører anadrome laksefisk eller kreps.
- Avklare forholda til dei private interessene som eventuelt blir påverka av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.
- Dersom de endrar planane for tiltaket bør dei sendast til NVE for ny vurdering.
- Ta kontakt med lokal områdekonsesjonær for å avklare om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå.
- Dersom kraftverket har ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi oppmerksom på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå «Årsrundskriv for særavgifter» på .
- Når kraftverket er sett i drift skal de melde det inn via Altinn på <https://www.altinn.no/> (Melding om idriftsettelse nye vannkraftverk eller opprustings- og utvidelsestiltak i eksisterende kraftverk, NVE-0018).

Orientering om tiltaket

Eivind Skomedal planlegg å byggje kraftverk i Breidlibekken. Sjå kart og tabell under for detaljar.



Figur 1 Oversikt nedbørsfelt, inntak, kraftstasjon og tilkoblingspunkt



Breistøl kraftverk – hovuddata		
TILSIG	Hovudalternativ	
Nedbørfelt	km ²	2,20
Middelvassføring	l/s	97
Alminneleg lågvassføring	l/s	0,6
Planlagt minstevassføring	l/s	5,0
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	443
Avløp	moh.	208
Høgd på inntaksdam	m	2
Lengde på aktuell elvestrekning	m	1440
Brutto fallhøgde	m	235
Maksimalt vassuttak	l/s	183
Minste vassuttak	l/s	19
Installert effekt, maks	kW	348
PRODUKSJON		
Produksjon, årleg middel	GWh	0,99

Kva har høyringspartane uttalt?

Meldinga er sendt **Evje og Hornnes kommune**, **Agder fylkeskommune** og **Statsforvaltaren i Agder** på høyring. Dette er rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har mottatt følgjande uttalar:

Evje og Hornnes kommune uttalte følgjande i brev av 28.06.2023:

«Viser til høring av melding om bygging av Breistøl minikraftverk i Breidlibekken, Evje og Hornnes kommune i Agder fylke. Deres referanse 202108665-7

Det gis en administrativ uttale til saken.

Området er i Kommuneplanens arealdel 2020-2030, planID 201701, avsatt til LNF- formål og det må gis dispensasjon fra arealformålet for at tiltaket skal kunne gjennomføres. Kommunen vil og vurdere om det er behov for en regulering av området, hvis tiltaket ikke blir underlagt konsesjonsbehandling.

Det er ikke gjennomført biomangfoldsregistreringer i området. Evje og Hornnes kommune har gitt søker tilbakemelding om at en slik kartlegging må gjennomføres før det kan gjøres en vurdering.

Administrasjonen kjenner ikke til at det er spesielle allmenne interesser i området.»

Agder fylkeskommune uttalte i følgjande brev av 03.07.2023:

«Viser til mottatt høring om å bygge Breistøl Minikraftverk. Agder fylkeskommune har følgende merknader:



Innlandsfisk/fysiske tiltak i vassdrag

Hvis det viser seg at tiltaket ikke er konsesjonspliktig etter vannressursloven, må tiltaket behandles etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Fylkeskommunen har ansvaret for tiltak i vassdrag eller deler av vassdrag som ikke fører anadrome laksefisk eller kreps.

Friluftsliv

Det er ikke funnet kartlagte nasjonale eller regionale viktige friluftslivsområder, sti- og løypenett, eller statlige sikrede friluftslivsområder i selve området hvor minikraftverket planlegges.

Arkologiske/nyere tids kulturminner

Ingen merknader.»

Statsforvalteren i Agder uttalte følgjande i brev av 09.06.2023:

«I søknaden er alminnelig lavvannføring oppgitt til 0,6 l/s, mens det planlegges med en minstevannføring på 5 l/s. Maksimalt vannuttak er på 183 l/s. I henhold til NEVINA kan det forventes flommer > 1m³/s. Såfremt dette stemmer kan man anta at dagens bare fjell opprettholdes som landskapselement. Det omtales ikke i søknaden om vannstrengen er synlig og et viktig landskapselement fra området omkring Breistølmyr og Raulstjørna.

Bekken er neppe fiskeførende. Vannvegetasjon og evertebratsamfunn vil sannsynligvis være sterkt preget av bart fjell. Terrenget er for bratt for de fleste vannlevende artene.

Bekken går i dag i et område med skrin mark. Vil det være mulig å legge et 400mm rør med tilstrekkelig overdekning uten å sprengre? Vil et terrenginngrep her kunne forårsake erosjon med påfølgende endring av landskapsbildet?

Kraftverket vil fjerne vann i bekkeløpet fra innløpt til utløp, men vil ikke endre vanntilførsel til myrområdene omkring Breistølmyr og Raulstjørna.

Statsforvalteren i Agders konklusjon

Det forventes ikke at kraftverket vil påvirke allmenne interesser i vesentlig grad dersom rørgata kan etableres uten sprenging og bekken ikke er synlig (som et viktig landskapselement).

Statsforvalteren har utover dette ingen merknader til det foreslått kraftverket.»

Dette er NVE si vurdering av tiltaket

Ei konsesjonspliktavurdering er ei enkel førehandsvurdering av om tiltaket kan vere til ulempe for nokre allmenne interesser knytt til vassdraget. Fordelar med tiltaket er ikkje ein del av vurderinga.

Hydrologi

Breidlibekken har eit nedbørfelt på 2,18 km² og ei middelvassføring på 97 l/s ved det planlagde inntaket. Alminneleg lågvassføring er av søkar sett til 0,6 l/s, noko som samsvarer med data henta frå NEVINA. Planlagt minstevassføring er 5,0 l/s. Tilsig på 5 l/s eller lågare vil dermed gå forbi inntaket. Dette er i samsvar med vassressurslova § 10, som set krav om at minst alminneleg lågvassføring skal vere att i elva, med mindre det er gitt løyve til noko anna gjennom konsesjon. NVE understrekar at endringar av planar som endrar slukeevne, sjølv om det tilfredsstill alminneleg lågvassføring, må vurderast på nytt av oss.



Biologisk mangfald

Naturmangfaldlova legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer meldinga. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4-5 er vi avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. naturmangfaldlova § 8. Viss kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein bruke føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

NVE minner om at i ei konsesjonspliktvrdering vurderer vi korleis det planlagde tiltaket vil påverke vassdraget og allmenne interesser knytt til dette. Arealinngrep som følgje av vassveg og tilkomstveg er normalt sett ikkje del av denne vurderinga.

Søk i Artskart den 05.01.2024 viser registrering av to raudlista fugleartar, men ingen av desse er knytt til vassdraget. Søk i Naturbase den 10.01.2024 viser viktige naturtypar som gammal fattig edellauvskog og sandfuruskog registrert i nærleiken av tiltenkt kraftstasjon, men ikkje direkte i planområdet. Desse naturtypane er ikkje knytt til vassdraget og vil ikkje bli påverka av fråføring av vatn frå Breidlibekken. Verken statsforvaltar, kommunen eller fylkeskommunen i Evje og Hornes nemner viktige naturtypar eller artar knytt til vassdrag i høyringsuttalane sine.

Det er ikkje utarbeidd rapport om biologisk mangfald i samband med planane om Breistøl minikraftverk. Evje og Hornes kommune skriv i høyringsuttalen sin at tiltakshavar er informert om at kommunen treng ein rapport om biologisk mangfald før dei kan ta stilling til saka.

Med bakgrunn i informasjon frå tiltakshavar, høyringsbrev, søk i databasar og egne erfaringar vurderer NVE at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere konsesjonsplikt, jf. at kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til saka sin karakter og sjanse for skade på naturmangfaldet. Ut i frå eksisterande kunnskap kan vi ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald. Tiltaket vil etter NVE sitt syn ikkje komme i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4-5.

Landskap og friluftsliv

Bilde under gjev eit utsnitt av landskapet som Breidlibekken renn gjennom. Berekningar henta frå NEVINA viser at ein kan forvente middelflaum ved inntaksdammen på 2,4 m³/s. Fordi største slukeevne er på 0,183 m³/s kan ein forvente at det blotta berget blir oppretthalde som landskapselement. Sjå bilete under.



Bilde 1 Under flaum vil vatnet i bekken renske fjellet for vegetasjon.

Inntaksdammen er tenkt plassert på kote 443 i utkanten av eit hyttefelt. Det blir preparert skiløyper i nedbørsfeltet, men området kor røyrgata skal leggjast er lite brukt og ikkje tilrettelagt for friluftsliv. Søk på ut.no viser ingen turstiar eller løypenett i det aktuelle området, og høyringspartane er heller ikkje kjent med friluftsliv her.

Berggrunnen i området består i hovudsak av granittisk gneis som er hard og næringsfattig. Skogbotn er skrin og dekket av røsslyng og ulike grastypar. Statsforvaltar stiller spørsmål ved om det vil vere mogleg å leggje 400 mm røyr med tilstrekkeleg overdekke utan å sprengje. NVE er einig med Statsforvaltaren i at det truleg vil vere for lite jordsmonn til å grave ned røyret mange stadar. Som skrive lenger oppe skal NVE i ei konsesjonspliktvrdering berre vurdere korleis det planlagde tiltaket vil påverke vassdraget. For kraftverk som ikkje er konsesjonspliktige må kommunen vurdere dei naturinngrepa som legging av røyrgate vil medføre.

Statsforvaltar stiller også spørsmål ved om vassstrengen er synleg, og eit viktig landskapselement sett frå Breistølmyr og Raulastjørna som ligg i dalbotn aust for planområdet. At vassstrengen er eit viktig landskapselement er ikkje nemnt i meldinga eller frå dei andre høyringspartane. På synfaringa kunne ein ikkje sjå vassstrengen frå korkje Sveindalsvegen eller Hannåsfeltet, fordi den er skjult av skogen.

Ut i frå den eksisterande kunnskapen som er framlagt av tiltakshavar, høyringsuttalar og synfaring i området ser ikkje NVE at tiltaket vil føre med seg nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til landskapsverdi.

Kulturminne

Databasen Kulturminnesøk viser ingen minner i det aktuelle planområdet.

Skred

Det er ikkje fare for skred i planområdet.



Oppsummering og konklusjon

Eivind Skomedal ønsker å byggje minikraftverk i Breidlibekken som utnyttar fallet mellom kote 443 og kote 208, ei strekning på om lag 1190 meter. Kraftverket skal ha ei største slukeevne på om lag 190 % av middelvassføringa og det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 5 l/s forbi inntaket. Alminneleg lågvassføring er berekna til 0,6 l/s.

Bekken er ikkje fiskeførande, det er ikkje turstiar eller tilrettelagt for friluftsliv i planområdet. Søk i databasar finn ingen registrerte kulturminne. Det er ikkje registrert vasstilknytte raudlista artar eller naturtypar knytt til vassdraget i det aktuelle området.

NVE meiner difor at minikraftverket i Breidlibekken ikkje fører til slike ulemper for allmenne interesser at det treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Med helsing

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarleg

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Eivind Skomedal

Kopimottakarliste:

Eivind Skomedal - Eivind Skomedal
Evje og Hornnes kommune
STATSFORVALTEREN I AGDER
AGDER FYLKESKOMMUNE